

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 5. september 2017 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantinen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Gjerde (H), Øyvind Hellerslien (FrP) , Åse Paulsen (A) og Karsten A. Larsen (FrP)
MØTANDE VARAMEDLEM	1. varamedlem Marit Hølland Gjedrem (Sp)
FORFALL:	Linda Ånderå Bokn (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS, Forvaltn.revisor Bjørg Rabbe Sandven, KPMG, pr. tlf. i sak 23/17, pkt. 33
ANDRE SOM MØTTE:	Kultursjef Ingvar Frøyland i sak 17/17 Teknisk sjef Bjørn Bruaset i sak 23/17, pkt. 27
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Utvalet var samd i at status om forvaltnings- revisjon blei tatt inn i sak 23/17 som pkt. 33 og at teknisk sjef orienterte rett etter sak 17/17.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 16/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 30.09.17 OG SÆRUTSKRIFT I SAK 15/17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 30.05.17 og særutskrift i sak 15/17 blir godkjent slik dei ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.17:

Utvalsleiar orienterte om handsaminga i sak 15/17. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.17:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 30.05.17 og særutskrift i sak 15/17 blir godkjent slik dei ligg føre.

SAK 17/17 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KULTURSJEFEN

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek kultursjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.17:

Kultursjefen orienterte og viste lysark. Resultatområdet har ca. 30 årsverk, fordelt på 62 tilsette. Det er stor variasjon i yrke og kompetanse. I tillegg til kulturkontoret, leiar han fire seksjonar: biblioteket, Tysværtunet kulturhus, kulturskolen og idrett/grønt/friluft (fire tilsette). Bruttobudsjettet er på 33 mill. kr og inntekter på ca. 9 mill. Innteningskravet kan vere utfordrande då badeinntektene visar igjen om det har vore dårleg eller fint sommarver. Tysværtunet er svært mykje besøkt med ca. 280.000 innom pr. år. Bygget skal feire 25 år neste år. Kinoen med 30.000 besøkande, har hatt stor auke dei siste åra. Kulturskulen har hatt ventelister, men han uttrykte uvisse om ein dalande interesse blant born og unge er ei ny trend. Mange arrangement har utvikla seg gjennom åra som Midtsommarfest, BLEST (litteraturfestival) og Seniorperler.

Av utfordringar peikte han på aukande trong for vedlikehald av bygg og anlegg, vidare utvikling av kulturhusområdet i Aksdal og kinodrift og meir samarbeid med frivillige lag og organisasjonar i framtida.

Utvalet stilte spørsmål om prissetting av arrangement, kulturskulen og bruk av skulene og om nytt ungdomsråd, som kultursjefen svara på.

Utvalsleiar takka for orienteringa og for hans innsats for kommunen gjennom mange år.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.17:

Tysvær kontrollutval tek kultursjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

SAK 18/17 OPPFØLGING AV MERKNADER I REVISJONSRAPPORT – ÅRSREKNESKAP 2016

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen sitt tilsvaer på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2016 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.17:

Utvalsleiar kom med kommentarar. Nytt delegasjonsreglement er vedtatt, men nye rutinar for investeringar er det ikkje gjort noko med. Revisor kommenterte og han ville gjere undersøkingar korleis andre kommunar etterlever og handterer lovkravet. Utvalsleiar fremma eit tilleggsforslag som han las opp. Utvalet slutta seg til tillegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.17:

Tysvær kontrollutval tar rådmannen sitt tilsvaer på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2016 til orientering.

Kontrollutvalet viser til siste avsnitt i rådmannens sitt tilsvær m.o.t. investering og reknar med kommunen sin praksis i forhold til avslutning av investeringsrekneskapen i størst mogleg grad tilpassast til gjeldande lov og rettleiing - slik som revisor tilrår.

SAK 19/17 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2017

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.17:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.17:

Tysvær kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

SAK 20/17 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJONEN 2017

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar revisor sin presentasjon av plan for rekneskapsrevisjonen for 2017 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.17:

Revisor Roald Stakland gjekk igjennom planen, som blei delt ut. Han orienterte om revisjonen sitt arbeid, prosessar og rutinar, om risikovurderingar og dei ulike revisjonsområda. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.17:

Tysvær kontrollutval tar revisor sin presentasjon av plan for rekneskapsrevisjonen for 2017 til orientering.

SAK 21/17 BUDSJETT 2018 – KONTROLL OG TILSYN - KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2018 vert på i alt **kr 786.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	84.000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	192.000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	510.000

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.17:

Utvalssekretæren gjorde greie for oppsettet. Utvalet støtta framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.17 og innstilling til kommunestyret:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2018 vert på i alt kr 786.000,- eks mva fordelt på følgjande:

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>84.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>192.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>510.000</i>

SAK 22/17 MØTEPLAN FOR 2018 - KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2018:

tysdag 27.02, 22.05, 04.09, 06.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.17:

Utvalssekretær orienterte om framlegget. Nestleiar varsla forfall 22. mai. Utvalet blei samd i å legge rekneskapsmøtet til måndag 28. mai, då neste års FKT-konferanse er fastsett til 29.-30.05.18.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.17:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2018:

tysdag 27.02, måndag 28.05, tysdag 04.09, tysdag 06.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 23/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 05.09.17

27. Evaluering av investeringsprosjekt
28. Statusrapport pr. september 2017
29. Protokoll fra generalforsamling i Haugaland Kraft AS 12.06.17
30. FKT-konferansen i Tromsø 7. – 8. juni – oppsummering
31. FKT – protokoll frå årsmøtet 07.06.17
32. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland - 30.11.17
33. Statusoppdatering – forvaltningsrevisjon - økonomistyring

Handsaming i kontrollutvalet 05.09.17:

27. Evaluering og læring av tidlegare investeringsprosjekt

Teknisk sjef orienterte og delte ut notat der han gjorde greie for bakgrunn for inngått forlik med Norconsult AS etter *feilprosjektering* av nytt vegkryss til skule/barnehage i Straumen. Han peika på to forbetringsspunkt: 1) betre kvalitetskontroll av bestillingar (betre spesifisert og betre rutinar), 2) tettare og meir forplikande samarbeid med Statens vegvesen.

Norconsult v/ny leiar hadde i vår invitert til evalueringsmøte, men teknisk sjef meinte dei fortsatt viste liten vilje til å innrømme feil frå deira side. Utvalet stilte spørsmål vedk. rammeavtala med Norconsult, som går ut neste år, og om kvalitetsvurdering ved seinare anbod.

Teknisk sjef utdjupa vidare at det er stor skilnad på kompetansekrav for byggeprosjekt (stor variasjon innan ulike fag) og for arealplanlegging. Små kommunar er ofte avhengig av å kjøpe kompetanse om den ikkje finst blant dei tilsette.

Utvalet var nøgd med orienteringa, og rekna med at resultatområde teknisk var meir proaktiv ved kommande prosjekt i tida framover.

30. FKT-konferansen

Utvallsleiar og sekretær gjorde greie for hovudpunkta i foredraga. Dei var veldig nøgd med konferansen. Ein av foredragshaldarane vil også kome til Sandnes på haustkonferansen.

33. Statusoppdatering- forvaltningsrevisjon- økonomistyring

Forvaltningsrevisor Sandven hadde sendt ut e-post om status for arbeidet med neste forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dei hadde gjennomført intervju med leiinga og to hovudtillitsvalte. Utvalet ønskte meir informasjon rundt dette. Sekretær ringte revisor opp på høgtalar i møtet og utvalet uttrykte ønskje om at revisor hadde intervju med dei store organisasjonane Fagforbundet og Delta, i tillegg til dei små, som blitt valt ut. Revisor meinte det var mogleg tidsmessig, men då pr. telefon. Ho bad om at utvalet sitt ønskje blei sendt pr. e-post.

Utvallsleiar viste til nøkkeltal frå 2015 innan område administrasjon og styring og ønskte at revisor såg nærare på desse tala. Revisor ville vurdere om innspelet passa inn i rapporten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.09.17:

Kontrollutvalet tar referatsakene 27 - 33 til orientering.

Tysvær kontrollutval ber om at intervju med hovudtillitsvalte vert auka til fire arbeidstakar-organisasjonar, her under Delta og Fagforbundet under arbeidet med forvaltningsrevisjon om økonomistyring.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: tysdag **14. november** 2017, kl. 18.00. Av saker: orientering om helse og førebygging og rapport om «Økonomistyring».

Aksdal, 5. september 2017

Arne Gjerde (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvallssekretær